

Os Kyrkjeblad

Nr. 3 / august 2019 / 74. årgang



Kyrkjevalet 2019

Valdag 9. september
Les meir om kandidatane på s. 9-12



Å Estland, Estland!

Ei gjeng undomar frå har hatt ei minnerik tur til Estland.

Side 4



To dråper i havet

To osingar drog til Hellas for å gjere ein innsats for medmenneske.

Side 14



Kva ventar komunen av kyrkja?

Kva må vi som kyrkje stille opp med?

Side 16

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

REDAKSJON:

Margrethe H. Askeland og kyrkjestaben.

ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os
Besøksadresse: Øyro 49

UTGJEVAR: Os sokneråd**ANSVARLEG REDAKTØR:**
Margrethe H. Askeland**LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:**
Birgit Tarlebø**FOTO FRAMSIDE:**
© Kirkerådet

TRYKK: Borge Grafisk AS
OPPLAG: 8.800 stk

OS SOKNERÅD:
Postboks 209 - 5202 Os

LEIAR:
Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598
antu-bjo@bkkfiber.no

OS KYRKJE: Tlf. 56 57 24 10

KYRKJEKONTORET I OS:
Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.
E-post: post@os.kyrkja.no
Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

Om val, verdiar og ein etterlyst Jesus

Eg gjorde klart «mitt» stoff til Kyrkjebladet og dro på ferie. Med i bagasjen hadde eg ei einaste bok, skiven av Oskar Skarsaune: «Etterlyst: Bergprekenens Jesus. Har folkekirkene glemt ham?» Boka var lett å lesa, men ikkje så lett å bli ferdig med. Ho er ei stille profetroyt inn i vår tid frå ein pensjonert professor i kyrkjhistorie.

Eg forsto straks at leiaren min om val og verdiar måtte skrivast om. For sjølv sagt hadde eg skrive om val og verdiar. Bladet kjem jo ut rett før vi skal gå til urnene. Det er 4 ulike val til 2 nivå både i kyrkja og i samfunnet. Kven skal styre i kommune, fylke, sokneråd og bispedømeråd dei neste 4 åra. Det er sett av mykje spalteplass til valstoff i dette nummeret. Vi har utfordra lokalolitikarar til å fortelja kva dei ventar seg av kyrkja, og vi presenterer kandidatane til sokneråd og bispedømeråd.

Når dette bladet når lesaren, er valkampen inne i siste fase. Vi har vært gjennom obligatoriske runder med markering av (fastlåste?) posisjonar. Kva saker er viktigast? Er det eit personval eller verdival? Kva retning ynskjer vi at utviklinga skal gå, i kyrkje og samfunn? Ei utvikling tufta på grunnlova vår, der det i §2 heiter: «Verdigrunnlaget forblir vår kristne og humanistiske arv. Denne Grunnlov skal sikre demokratiet, rettsstaten og menneskerettigheten.» Dette gjev retning for kva verdiar vi skal byggja på.

Og det er her den etterlyste Jesus kjem inn frå sida. For kva er eigentleg «vår kristne arv»? Med lett penn auser Skarsaune av sine kunnskapar. Han tar oss igjennom kyrkjhistoria frå den tida Jesus endå virka på jorda og heilt fram til Noreg i dag. Han syner oss korleis Jesus gong på gong strevde med å få lærersveinane til å forstå at det gudsriket han var komen for å grunnleggja ikkje skulle nyttta seg av dei same maktmiddel som rikene i verda er avhengige av. I gudsriket er det frøt sin lov og surdeigen sin lov som gjeld. Frøt veks nedanfrå, har sin eigen kraft i seg og på same måte som surdeigen over tid påverkar heile deigen. Kristus hjelper gjennom sin svakhet, ikke sin styrke. Kva som er «frøet» og «surdeigen» kjem fram i Jesu undervisning, slik vi td har den i bergpreika hos Matteus. Dei første hundreåra var det bergpreika som var dåpsundervisninga. Dei døpte levde etter henne på ein slik måte at andre såg det annleislivet dei kristne levde. Men då kristendomen vart statsreligion på 300-talet vart mykje endra. Også kyrkja trond denne verda sine maktmiddel, bergrpeika som dåpsopplæring forsvann ut og dei 10 bodorda kom inn. For oss er det barnelærdomen. Når heile folk skulle være «kristne» vart bergpreika for radikal, men dei 10 boda hadde vist seg som mogelege å praktisera for eit heilt folk allereide. Skarsaune ynskjer bergpreika tilbake. Han har ein draum om ein kyrkjelyd der medlemmane gjennom dåpen er sette fri til å gå i meisterlære hos Jesus. Lærersveinane er saman på vegen. Meisteren er der med sitt tolmod, sine råd og sin tilrettevisning, medan vi øver oss i å leve gudsrikelivet slik han har lært oss det mellom anna i bergpreika. Jesu lære er radikal og aktuell. Skarsaune syner mange døme på det.

Eg kalte boka ei profetroyt. Mange vil kan hende være ueinig med meg i det, og med innhaldet i boka og. Boka er likevel for viktig til å bli redusert til objekt for diskusjon. Forfattaren sin bodskap fortener å verte lytta til og tatt på alvor. Han peiker på ein veg til fornying av kyrkje og kristenliv: Eit liv som frigjort lærersvein hos mester Jesus der ein vågar satse på frøt sin lov og surdeigen sin lov. Det er eit radikalt verdival.

Margrethe Holmboe Askeland
SOKNEPREST OG REDAKTØR



Senior-Koinonia hausten 2019

Møta tek til kl 11:30 og vert avslutta
kl 14:00 desse datoane:

- 5. september
- 19. september
- 3. oktober
- 17. oktober
- 31. oktober
- 14. november
- 28. november
- 12. desember

Strikk til Tunet

Startar opp att onsdag 4.
september i Salongen i Tunet.

Språkkafeen i Os

Ein inkluderande møteplass for språktrening i kvarldagen.
Torsdagar kl 17.00-19.00, i TUNET Kyrkje- og kultursenter,
Øyro 49, 5200 Os

Datoar: 12. og 26. september, 11. og 24. oktober,
07. og 21. november, 05. desember.

Arr. og samarbeid: NAV Flyktningetjeneste i Os, Os
Frivilligentral, Norsk Folkehjelp Os, Os Sanitetsforening
og Os kyrkjelyd.

Vil du bidra med leksehjelp for ein av ungdomane våre?
Send e-post til iv@os.kyrkja.no eller kom innom kontoret for
ein prat torsdag etter 14.00.

Lørdagssprell i Nore Neset Kyrkje

Kl 11-13: 14. september, 5. oktober, 26. oktober og 16. oktober

Velkommen til kyrkje- lyden si Julemesse!

**Laurdag 23. november kl 10:00-15:00 i Tunet
kyrkje- og kultursenter.**

Sal av julekaker, lefser og andre matvarer, små strikkeplagg og
mange andre fine handlaga ting. Aktivitetar for barn og unge.
Sjølvsgart vert det kaffi og vaflar, matøkt midt på dagen
med sal av graut og/eller suppe..

8. november vert det loddsal på Amfi.

Helsing Julemessekomiteen

Søndagssamlingar

For menneske med og utan utviklingshemming. Song og musikk,
andakt, kaffe og kaker. Kl 17-18.30 desse datoene: 22.09, 13.10,
10.11 og 1.12. Nytt i haust: Vi samlast i Nore Neset kyrkje.

Konfirmant infomøte

TYSDAG 10.SEPTEKL 20.00 innbyr vi alle konfirmant-
foreldre til infomøte i storsalen i Tunet. **Velkommen!**

Bli med i Kyrkjekoret

Kyrkjekoret startar øvinga tysdag den 3. september, kl 18 i
Eldstova. Per semester opptrer vi 2 - 3 gongar. Koret treng
fleire stemmer. Ta med godt humør og songglede.
Koret øver tysdagar kl 18 - 19.30.

**Møt opp eller ta kontakt med kantoren Andrew
(56572411 / 95335651). Vel møtt!**

TUNET Kyrkje- og kultursenter

Vi har lokaler til ulike formål; minnesamvær, dåps- og konfirmasjonsselskap, bryllaup, kurs etc.
Lokaler med kapasitet opp til 120 personar. Vi tilbyr kjøken – og betjening i forbindelse med minnesamvær.

Kontakt kyrkjekontoret for avtale om leige og legevilkår: post@os.kyrkja.no eller tlf 56 57 24 04



Å Estland, Estland!

Når eg ser deg slik!

I over 25 år har Os kyrkjelyd hatt relasjon til Estland, og den estiske kyrkja gjennom eitåringsprogram, ten sing-prosjekt og misjonsavtale.

Tekst og foto: Roar Hallesby Evjedal

I byrjinga av august var ein gjeng ungdomar frå kyrkjelyden på tur dit, i samarbeid med kyrkjelydane i Birkeland og Sædalen. Det blei ein minnerik tur.

Ungdomane frå dei tre kyrkjelydadane gjekk raskt frå å vere tre små grupper til å bli ei stor. Med seg hadde dei eit mannskap av vaksne som passa på at ting gjekk tåleleg greitt for seg, under kyndig reiseleiing av Bård og Kjersti Norheim.

Leir og gudsteneste

Dei fyrtre dagane var det leirliv på ein leirplass utafor Saku som var fokus. Leirstaden eigast og drivast av den estiske kyrkja. Det var bibeltimar, Estlandsleikane, fotball, volleyball, handarbeid, sauna, bading, ei dose flørtning og ein viss skepsis til estisk kjøken. I Saku ligg og bedehuset der St. Thomas kyrkjelyden held til. Der var vi på gudsteneste. Prest var NMS-misjonær

Magne Mørster. Her fekk vi og møta nokre av ungdomane som er med i kyrkja i Mustamäe.

Storbyliv

Etter gode dagar på leirstaden gjekk ferda vidare til hovudstaden, Tallinn. Her budde vi på kyrkjas teologiske institutt, som ligg midt i gamlebyen. Rytmen frå leirstaden med morgen- og kveldssamlingar og kveldsbøn mellom alt anna program haldt fram. Å halde kveldsbøn etter tidebønstradisjonen i dette huset frå 1600-talet var ei sterk oppleveling. Sterk oppleveling var det og å besøka kyrkja i Mustamäe. I mange år har kyrkja der eksistert på teikningar og papir. Å gå opp til den, på utsida, ferdigbygde kyrkja var ei stor oppleveling. Innvendig er det ein del arbeid som står igjen, og kyrkjelyden estimerer at dei treng 600000 kroner for å gjøre bygget heilt klart.

Ei oppleveling for livet

Veka i Estland blei ei stor oppleveling for alle som var med, store som små, ungdom og vaksne. Både sosialt og åndeleg har deltakarane fått vekse, og vi håpar på gjentaking ein gong i framtida.



Os-gjengen på gudsteneste.



Roar lyser velsigninga.



Mustamäe inngangsparti.



Ingvild og Isabell har andakt.



Heile gjengen.



Trusopplæringstiltak, hausten 2019

Sjå heimesida www.kyrkja.no/os for meir informasjon. For alle
tiltak gjeld påmelding på nett: os.medarbeideren.no

Babysong

Torsdag 5. september

3 åringar

Adventsamling laurdag 9. november

Lys Vaken

16-17 november i Os kyrkje
30.nov-1. des i Nore Neset kyrkje

Julekonsert med Atle Pettersen

**12. desember skal TweenSing ha
julekonsert med Atle Pettersen i
Nore Neset kyrkje. Det gler vi oss
enormt til!**

Denne hausten gjer vi TweenSing om til prosjektkor, og vi inviterer andre tweens (5-7. klasse) til å være med.

Ny øvingstid i haust: Vi øver
måndagar, kl 18.00-19.30, i Nore Neset
kyrkje. Oppstart 26. august.

**Ta kontakt om du har ein «tween»
(5.-7.-klassing) som ønskjer
å vera med:**

Gro Helen B. Skjælaaen, mob
41278575/56572412
Epost: ghs@os.kyrkja.no



Trusopplæringstiltak for dei født i 2007

I oktober inviterer vi alle 7.
klassingar til Godheitsdagen med
påfølgjande Hallowenn i Tunet. Her
vil me legge opp til at dei som
kjem har kledd seg ut. Om du ikkje
ynskjer å kle deg ut er du likevel
velkommen. Det kjem invitasjon i
posten til medlemmar og tilhøyrige
i Den norske kyrkje. Andre er
sjølv sagt også velkommen. Meir info
om tidspunkt kjem på vår nettside
kyrkja.no/os og i invitasjonen som
vert sendt ut.

Kyrkjelydens kor

Familiekoret ShubaDubs

2,5-5 år (før 1. klasse) Anna kvar
torsdag kl. 17.30-18.30 i Tunet.
Oppstart 5. september. Nye
medlemmer bes melde seg på via
os.medarbeideren.no

Tunet barnekor

1. – 4. klasse. Anna kvar torsdag
kl. 17.30-1845 i Tunet. Oppstart 15.
september.

TweenSing

5. – 7. klasse. Kvar mandag kl. 18.00-
19.30 i Nore Neset kyrkje.
Oppstart 26. august.

Join Us – Tensing

8. klasse og oppover.
Kvar onsdag kl. 18.30-21.00 i Tunet.
Oppstart 28. august.

Konfirmant 2020

**Då har 138 konfirmanter starta sitt
konfirmantår i Os kyrkjelyd.**

**Konf Kick Off 2019 gjekk av stabelen
lørdag 24.august**

SEPTEMBER er tida for å starte for alvor
med samlingar og gudstenester. Det vert
Presentasjons-gudstenester nesten kvar
helg. To helger i kvar av kyrkjene og ei
presentasjonsgudsteneste i Søfteland
bedehus. Konfirmantgruppene vil ha
sine første samlingar og nokre av
gruppene skal og være med på storleir i
Nordhordlandshallen. **TIRSDAG 10.SEPTE** kl.
20.00 innbyr vi alle konfirmantforeldre til
infomøte i storsalen i Tunet.

Happenings i Tunet

No har me lagt ein summar bak oss
og er klare for eit nytt semester her i
Os. For ungdommen skjer det ein heil
del, så her er det berre å ta med seg
venene dine og kome. Dette er det
som skjer i Tunet av happenings ol.

På alle happenings blir det digg mat,
masse sosialt, godt felleskap og deling
av ord frå Bibelen.

**20.sept.: Happening med
konkuranse**

18.oktober: Spelekveld i Tunet

25.oktober: Happening i Tunet

15-16.november: OS Lan

Kvar onsdag kl 18.30-21.00 øver Join
Us Ten Sing i Tunet, med Teknikk-
gruppa, band, kor, dans og drama. I
tillegg til dette er det KRIK kvar fredag
kl 18.30-20.00 på Os barneskule.
Vel møtt!



Frivillig innsats

Haldis Omdahl er ein av våre faste frivillige som gjer ein formidabel innsats - og som vi set utruleg stor pris på! Ho svarar slik på spørsmålet:
Kva gjev det deg å være med som frivillig i kyrkjelyden?

Tekst og foto: Inger-Johanne Haugland

Jeg meldte meg som frivillig i menigheten for ca 30 år siden og har i årene siden vært med i ulike sammenhenger. At jeg har vært engasjert så pass lenge, må være bevis på at jeg trives godt som frivillig.

Bakgrunnen for at jeg engasjerte meg i dette arbeidet, var en forespørsel fra Inger Feste som var kyrkjelydssekretær den gangen. Etter å ha tenkt litt på saken, konkluderte jeg med at dette er viktig arbeid og at her kan jeg bidra til glede for mange mennesker samt være med på å styrke menighetsarbeidet. Jeg har aldri angret på denne beslutningen.

Jeg har fått være med i et rikt og godt fellesskap, lært mange flotte mennesker å kjenne, lært nye ting og hatt mange fine opplevelser. Jeg har brukt av min tid, men fått veldig mye tilbake. Virkelig en vinn/vinn situasjon som jeg unner andre å oppleve. Jeg har fått delta innen ulike felt som bl.a. Søndagssamlingen, diakoniutvalg, språkkafe, skapingsdagane, tiltaksfadder mm..

Min mann og jeg reiser en hel del etter at vi ble pensjonister og jeg blir ofte spurtt om hvordan jeg da kan være med på frivillig

arbeid. Jeg kan bare si at dette er noe som er diskutert med de ansvarlige for de ulike tiltakene og der har jeg bare mott velvilje. Begge parter har hatt en fleksibel innstilling til mine fravær og dermed har vi funnet løsninger som gjør at dette lar seg kombinere.

Jeg møter også mennesker som ikke tror de selv kan bidra med noe som frivillig i menigheten. Da pleier jeg å si at ALLE har noe å bidra med. Vi har ulik utrustning, men alle har evner i en eller annen retning og der er så mange ulike oppgaver at der er bruk for og plass til alle som vil. Jeg vil sterkt anbefale andre til å prøve seg som frivillig. Jeg tror helt sikkert at de fleste vil oppleve at dette er en givende og flott oppgave å påta seg.

Jeg synes alle oppgavene jeg har vært tildelt opp gjennom årene har gitt meg mye, men vil likevel spesielt trekke frem Skapingsdagene. Jeg har fått være med på dette arbeidet siden oppstarten for 5 år siden og det har vært et helt fantastisk tiltak å delta i. Jeg gleder meg hvert år til disse 3 dagene sammen med denne flokken av 7-8 åringer som får

være med å skape drama, danseforestilling, trommekonsert, forme med leire, male og lage fotografier. Det er imponerende hva barna får til i løpet av kun 3 dager. De blir kjent med skapelseshistorien og skaperverket og får skape sine egne ting som de er utrolig stolte av. Avslutningsgudstenesten hvor de får vise frem hva de har lært, er utrolig flott og til å få gåsehud av. Vi som er voksne jobber som et team og med god planlegging fra de ansattes side og profesjonell gjennomføring av kunstnere/ansatte og frivillige, er dette noe kyrkjelyden absolutt kan være veldig stolt av.

Vil du bli med som frivillig medhjelpar i Os Kyrkjelyd?

Gå inn på os.medarbeiteren.no og meld deg på som frivillig, eller send en epost til ijh@os.kyrkja.no. Vår frivilligkoordinator Inger-Johanne Haugland kontakter deg.



Over: Ella Varhaug Lekven, Nathalie Nicolaysen Skoglund og Victoria Lekven, alle 11 år, kom til dagnad på kyrkjekontoret, direkte frå «Lesevake» på skulen, ei natt med lite søvn. Dei verka likevel både opplagte og vakne då underteikna var innom for ein prat. Dei var nesten heilt ferdige med å laga til 400 konvoluttar med invitasjonar til «Skapingsdagane» då dei måtte vidare til neste avtale – på kafé J På spørsmål om korleis dei fekk denne jobben svarar Ella at det var mor hennar, Hege, som hadde spurde om dei ville jobba litt for kyrkja, og det hadde dei sagt ja til. Tusen takk for flott innsats!

Til venstre: Carol og Irene, ordnar med sendingar til 1- og 2åringar, døypte i Os. I mange år har dei gjort denne jobben som tar eit par timer, eit par gonger i året. Frivillige sjåførar hentar sendingane og bringar dei til postkassane. Takk også til disse strålande damane! (Inger-Johanne / frivillig koordinator)



Haldis Omdal.



TITT 24.OKTOBER: RO/URO

- om vennskap og relasjoner til oss selv og andre

Torsdag i tunet inviterer den 24. oktober til et konsertforedrag av og med Marthe Valle.

Tekst og foto: Øystein Hetlevik

Foredraget tar utgangspunkt i uroen i oss, og hvordan vi skal leve med den i en tid der så mye skaper urolighet og fokus blir tatt bort fra det indre. Dette uroen påvirker også hvordan vi forholder oss til mennesker omkring oss, kan de også komme ut av fokus? Ensomhet er lansert som en «ny» folkesydom i Norge. Hvordan kan vi forebygge dette på egen hånd, gjennom vennskap eller i andre sosiale relasjoner?

Marthe Valle har skrevet musikk som setter ord på indre uro og hvordan vi kan finne balansen i livets bølgedaler. I dette konsertforedraget formidler hun budskapet gjennom dedikert formidling av tekst og musikk som berører det innerste i oss. De som har hørt henne før mener Marthe er en artist som når inn til lytteren. Hun inspirerer og bidrar til refleksjon og endring. Kanskje det gir hjelpe til å leve med de naturlige bølgedalene i livet, og håndtere vår indre uro i en tid som krever så mye av oss?

Konsertforedraget er på Tunet kyrkje og kultursenter på Osøyro torsdag 24.10 kl 20.00. Billetter 1 kr 200 ved inngangen eller på kyrkjekontoret. Billetten inkluderer en kopp kaffe med tilbehør.

Arr Os kyrkjelyd / Torsdag i Tunet



19.september kjem Thor Brekkeflat til TiTT!

Mange kjenner han som gateprest i Bergen.

Han er no sokneprest i Slettebakken.

«Du er mi øy i havet.»

4 gonger har Thor Brekkeflat vore reiseleiar til denne vesle øya Iona på nordvestkysten av Skottland. Sjølv om øya er lita har inspirasjonen derfrå satt sterke spor i vår kyrkje si historie. Brekkeflat vil i foredraget sitt opna opp vår forståing om elden frå vest og den keltiske spiritualitet som kom seglande til oss over havet.

Dette kan bli ein kveld som gjev innsikt, inspirasjon, kveik og påfyll for trua!



Kyrkjevalet 2019

Informasjon om valet:

Du kan forehandsrøyste på Os kyrkjekontor fra 12. august og fram til fredag 06. september.

Opningstida er kvardagar (måndag –fredag) frå kl. 9-14. Du kan også røyste i Tunet kyrkje og kultursenter søndag 25. august og 1. september etter gudstenesta.

Frist for forehandsrøysting i anna sokn enn der man har stemmerett er 2. september.

Hugs valkort og/eller legitimasjon.
Kyrkjeleg manntall er tilgjengeleg for innsyn i tida 10/8 – 1/9 på kyrkjekontoret.

Det er mogeleg å forehands-stemme på følgande plassar:

- Os gymnas 28. august kl. 11.00-13.00
- Luranetunet 30. august kl. 10.00-13.30
- Os vgs 2. september kl. 11.00-12.30

Valgdagen 09.09.19 kan ein røyste frå kl. 09.00-21.00 i krinsen ein hører til:

LYSEKLOSTER	Lyskloster barneskule Edne 11, 5215 Lysekloster
NORE NESET	Nore Neset aktivitetshus Skeismyra 8, 5217
OS NORD	Kuventrä Idrettspark Idrettsvegen 39, 5210 Os
SENTRUM	Oseana Mobergsbakken 20
SØFTELAND	Søfteland barneskule Lerkeveien 2, 5212
SØRE NESET	Lunde barneskule Klasavegen 10, 5211 Os

Soknerådsval i OS SOKN

(8.-)9. september 2019

**Kyrkjevalet
2019**

Nominasjonskomiteens liste

- 1. INGER JONETTE INDSET BOTNEVIK, f. 1956, Lærar, Os
- 2. JON HÅKON ØEN, f. 1973, Myndighetskontakt UiB, Nore Neset
- 3. BENTE MARIE BRØVIG STRØMME, f. 1954, Fysioterapeut, Os
- 4. ARNE TVEIT, f. 1962, Kirkebyggssjef i Bergen, Søfteland
- 5. KNUT INGE JOHNSEN, f. 1952, Lektor/Folkehøgskuleærar, Os
- 6. NILS SØRBØ, f. 1948, pensjonist, Søre Neset
- 7. PER GUNNAR LUNDE OSENG, f. 1984, Ruskonsulent, Søre Neset
- 8. CHRISTINE WESTGAARD LUND HALLAND, f. 1973, Lærar, Søre Neset
- 9. KJELL JARLE AADLAND, f. 1949, pensjonist, Søfteland
- 10. BECKY OGWU HESJEDAL, f. 1978, Arbeidssøkjande, Lepsøy
- 11. THORSTEIN SKARNES, f. 1983, Kontorsjef, Lysekloster
- 12. MALIN NØSS VANGSNES, f. 1987, Dansekunstnar, Søre Neset
- 13. TRYGGVE LILLESTØL, f. 1952, pensjonist, Søre Øyane
- 14. JORUNN HODNELAND, f. 1959, Avdelingssjukepleiar, Os

Det skal veljast 8 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Nominasjonskomiteen sine kandidatar er sett opp på vallista i prioritert rekkefølge. Eventuelle kandidatar fra supplerande nominasjon står nedst på vallista utan nummer.

Du kan levere stemmesetelen utan endringar. Alle kandidatane på stemmesetelen får då ei stemme kvar.
Vil du endre på stemmesetelen kan du:

- **Gje tilleggsstemme til kandidatar på lista**

Du kan gje ei tilleggsstemme til inntil tre kandidatar. Det gjer du ved å setje eit merke i ruta til venstre for namnet til kandidaten. Kandidaten får då to stemmer.

- **Gje personstemme til andre valbare personar i soknet**

Du kan gje personstemme til inntil tre andre valbare personar i soknet. Det gjer du ved å føre opp personnamnet på stemmesetelen. Bruk store bokstavar. Personen får då ei stemme.

Andre endringar vil ikkje telje med i valloppgjeren. Det er ikkje høve til åstryke kandidatar.
Bruk blå/svart penn. Skriv tydeleg.

Brett stemmesetelen med teksten inn, så ingen kan sjå kva du har stemt.

Les meir om kandidatane på de neste sidane →

Soknerådsvalet i Os Sokn: Kandidat nr. 1-3

Vi har spurt kandidatene:

1. Kva synest du Os kyrkjelyd bør fokusere på? / 2. Korleis vil du bidra? / 3. Kva betyr det å være folkekyrkje? / 4. Korleis kan vi gjere Jesus meir kjent?
5. Kva kan kyrkja gjere for ungdommen? / 6. Har Os kyrkjelyd et medansvar for å løse jordens klimautfordringer?

1. Inger I. Botnevik



62 år, bur på garden Kuven i Os, arbeider som lærar på Kuventræ barneskule. Eg er gift med Olav, har fire born i alderen 24 til 36 år og eit barnebarn på 3 år.

1. Eg synest kyrkjelyden bør fokusera på å nå ut til folk i vår tid, vera til stades for folk og at vi skal vera Guds tenar i verda.
2. Ved å peika på ein meir aksepterande haldning overfor menneske vi møter i nærmiljøet, åpne for å inkludere alle slik Jesus gjorde.
3. At vi vil vera ei kyrkje for alt folket, ikkje berre dei vellukka og dei som passar inn i våre tronge malar.
4. Ved å visa hans eksempel i kvardagen (tilgivelse, aksept, tilhørighet, fellesskap, åpenhet)
5. Kyrkja bør ha ein åpen stad (Kyrkjeturnet) der ungdommen kan få skape sin eigen plass og finne tilhørighet. Vi bør hjelpe og styrke dei tiltaka som er i gong (Join Us, Klubben mm).
6. Ja!

2. Jon Håkon Øen



Jeg er 46 år, gift og har to barn på fire og seks år. Vi flyttet til Os fra Oslo i 2018. Er utdannet teolog og ordinert prest. Jeg jobber som myndighetskontakt på Universitetet i Bergen, det vil si at jeg har ansvaret for kontakten med Regjeringen og Stortinget.

1. For meg er fokus på familiearbeitet viktig. Gjennom å gi et godt tilbud til familiene, legges grunnlaget for at barn og unge får en naturlig tilhørighet til kirkja gjennom hele livet.
2. Jeg håper at jeg med min bakgrunn og erfaring kan bidra positivt inn i soknerådet, slik at vi sammen med frivillige og ansatte kan fortsette å gjøre kirkja relevant, levende og åpen for alle mennesker i lokalmiljøet.
3. Den norske kirke har en helt spesiell posisjon i lokalsamfunnet. Gjennom dåp, konfirmasjon bryllup og gravferd når vi mennesker som aldri ellers ville satt sin fot i et gudshus. Det gir oss et stort ansvar i å ta vare på denne arven, og forvalte den på en god måte.
4. Kirkene i Os har et rikt tilbud til mennesker i alle aldre. Jeg har tro på å gjøre dørstokken inn til kirkja lav, slik som Lørdagssprell, Fredagstaco, TweenSing og Skapningsdagane gjør. Det kan skape tro og et forhold til Jesus som varer livet ut.
5. Det drives et veldig bra ungdomsarbeid her på Os, og veldig mange har fått en tilhørighet til kirkja gjennom dette. Her er det viktig å sørge for tilstrekkelige ressurser slik at dette stadig kan utvikles.
6. Forvalteransvaret er en sentral del av det kristne budskapet. Vi har fått et grunnleggende ansvar for å forvalte skaperverket. Det er vår plikt både som enkeltmennesker og menighet å overlate kloden til våre etterkommere i minst like god stand som da vi fikk ansvar for den.

3. Bente Brøvig Strømme



Født i Farsund, gift, 3 barn, 5 barnebarn. Søndagskolelærer i mange år. Bodd i både Lærdal, Fusø og Os. Fysioterapeut med kompetanse psykomotorisk fysioterapi.

1. Gudstjenestelivet er menigheten sitt pulsslag. Hvordan kan vi sammen gjøre den relevant og viktig i våre liv. Os kirke har fokusert på trosopplæring for alle barn som ønsker mer kjennskap til vår kristne tro og til vår lokale menighet. Dette må vi fortsette og prioritere.
2. Vi kan alle bidra til rikere gudstjenesteliv med bare å komme og være tilstede. Selv er jeg engasjert i Søndagssamling for og med utviklingshemmede. Kanskje kan vi gi disse samlingene mer liturgisk preg og gjøre de åpne for andre også.
3. Jeg er glad i folkekirken. Jeg ønsker at mennesker skal oppleve tilhørighet til kirken vår. Det er sterkt og fint når foreldre bærer barn til dåpen.
4. Kirken skal formidle evangeliet om Jesus Kristus klart og tydelig, på ulike vis i de ulike sammenhenger. Gudstroen og forholdet til Jesus kan oppleves forskjellig fra person til person, og den kan vektlegges ulikt. Det må respekteres.
5. Kirken må være sann og ekte i møte med ungdommen. Mer enn noe trenger ungdom noen voksne de kan stole på og samtale med i en turbulent tid i deres liv. Det å skape et trygt og godt felleskap må ligge i bunn for ulike kreative aktiviteter.
6. Os kirke har i høyeste grad medansvar for å løse jordens klimautfordringer; både i forkynnelse om skapetroen, og i formidling av forvalteransvaret vi som kirke og enkeltmennesker har. Dette er og blir et stort og viktig tema!

Soknerådsvalet i Os Sokn: Kandidat nr. 4-6

Vi har spurt kandidatene:

1. Kva synest du Os kyrkjelyd bør fokusere på? / 2. Korleis vil du bidra? / 3. Kva betyr det å være folkekyrkje? / 4. Korleis kan vi gjere Jesus meir kjent?
5. Kva kan kyrkja gjere for ungdommen? / 6. Har Os kyrkjelyd et medansvar for å løse jordens klimautfordringer?

4. Arne Tveit



57 år, gift, 3 voksne barn, flytta til Os i 2013. Kyrkjebyggssjef i Bergen kyrkjelege fellesråd. Har tidlegare erfaring frå sokneråd, bispedømeråd, kyrkjemøte.

1. Vi bør fokusera på å leggje til rette for gode møteplassar av mange slag, der alle som bur i Os kan føle seg velkommen, oppleve seg som ein del av kyrkjelyden, og der alle på ulike måtar kan få møte Gud.
2. Eg ønskjer å bidra til at kyrkja skal fungera godt i den nye Bjørnafjorden kommune, med dei endringane dette medfører for kyrkja, med eit nytt fellesråd og sokneråda i Os og Fusa.
Eg ønskjer også å bidra til at både frivillige og tilsette skal få frimod og inspirasjon til å gjere ein innsats i kyrkjelyden.
3. Vi skal ha ein lav terskel og stor raushet, både i kyrkjene og i Tunet kyrkje og kultursenter. Alle kyrkjas medlemmer skal føle seg velkommen til å delta og til å bidra med å bygge kyrkjelyden.
4. Misjonsbefalinga seier: Gå ut ... Då må vi ikkje avgrensa forkynninga til dei som går trufast i kyrkja kvar sundag, men stadig jobbe med korleis vi kan nå nye grupper med evangeliet. Evangeliet har ikkje endra seg, men vi må vere kreative i måten vi gjer det kjent slik at mange kan høre og forstå.
5. Vi kan lytte til ungdommen og foreldra deira om korleis dei ynskjer å vere med på å byggje kyrkjelyd. I 2019 er det gjort eit grundig og godt arbeid med å leggje planar og strategiar for korleis vi kan utvikle ungdomsarbeidet. Desse planane og strategiane må sokneråd og tilsette støtte opp om.
6. Ja, heilt klart. Vi kan ikkje berre fortelje kva «alle andre» skal gjera. Vi må sjølve ta bevisste val, både som enkelpersonar og som kyrkjelyd. I både små og store saker må vi ta med klimaperspektiva.

5. Knut Inge Johnsen



Folkehøgskulelærar. Oppvaksen i Søre Øyane, Os. Gift med Marny.

1. Jesus spurte dei han møtte: "Kva vil du eg skal gjera for deg?" Det syns eg er eit grei haldning for Os kyrkje å ha i høve bygda. Men dei som av ein eller annan grunn fell utanfor, bør alltid ha hovedfokus. Kyrkjelyden driv allereie eit aktivt arbeide overfor flyktningar og innvandrarar, og dette bør framleis vera eit hovedfokus. Eit anna er klimautfordringane, som eg kjem tilbake til.
2. Prøve å prioritere rett i forhold til tid og kapasitet. Mitt hovedengasjement har så langt vore ungdom, flyktningar/innvandrarar og musikk.
3. Å kalla seg folkekyrkje forpliktar. Det inneber bl.a. at kyrkja i ord og handling formidlar at kyrkja er for ALLE. Det er t.d. viktig at kyrkja aktivt motarbeider vi/dei haldningane i høve til HLBT og byter det med eit "oss". Då først kan vi med rette kalle oss ei folkekyrkje. Elles inneber det også å vera levande engasjert kyrkje, for å medverke til eit endå varmare og meir menneskeleg samfunn.
4. Det er eit krevjande spørsmål. Ord er i alle fall ikkje nok. Det handlar om truverd. WWJD ("What Would Jesus Do")
5. Først og fremst: Gjera kofirmantåret til det mest spennande, utfordrande og kjekkaste året i livet så langt. Eit år å ta med seg og å leva på resten av livet. Dessutan - stå saman med ungdommen i kampen mot klimaøydeleggingane.
6. Sjølv sagt! Dersom kyrkja ikkje har hovedfokus på den største utfordringa i vår tid, vil ho mista all truverd - ikkje minst blant ungdommen. Dette bør gjennomsyra alle lag av kyrkja sitt liv, når det gjeld innkjøp, transport, undervisning, temakveldar, gusterester etc. Men alt dreier seg sjuande og sist om truverd og om å vera heilhjarta.

6. Nils Sørbø



Eg er 71 år og pensjonist. Før det var eg høgskolelektor, fengselsprest, konsulent i Utlendingsdirektoratet, misjonsprest i Brasil og sjømann. Eg gifta meg med ei osajente og har budd her i 31 år. Vi har tre voksne barn og fem barnebarn.

1. Os kyrkjelyd bør fokusere på evangeliet om Jesus Kristus i alt som den gjer.
2. Eg vil fortsette som aktiv kyrkjegjengjar og ta på meg oppgåver eg blir tiltrukk og er i stand til å gjere.
3. Ei folkekyrkje er eit kyrkjesamfunn som prinsipielt omfattar heile folket, slik det var her i landet før trusfridom og demokrati. Kyrkja er og kan gjerne være folkeleg og open for alle, men i audmjuke må ho tolerere at folket er delt i ulike konfesjonar, religionar og livssyn. Det som avgjer for kyrkja er vedkjenninga, bodskapen og at ho har truverde, ikkje særordningar.
4. Utgangspunktet er at vi sjølv kjenner han og stadig blir betre kjende med ham. Som kyrkjelyd skal vi vitne om han med frimod, ved ulike høve og for menneske gjennom heile livsløpet.
5. Kyrkjelyden gjer allereie mykje for ungdommen, og det er bra når aktivitetane fortsetter. Kyrkja har kompetanse når det gjeld dei store spørsmåla i livet, og dei melder seg i ungdomsåra. Da er det viktig å leggje til rette for gode møtestader.
6. Det er eit godt utgangspunkt at Os kyrkjelyd er sertifisert som "grønn menighet". Det kan det gjerast meir ut av. I klimakrisa kan kyrkja ta medansvar ved å formidle teologi om Guds skaparverk.



Kyrkja treng gode leiatarar – kven vil du gje di stemme?

Du er med på å bestemme kven som skal sitje i Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «storting» i perioden 2019 – 2023.



På dei neste sidene vil du få ein kort presentasjon av alle kandidatane som står til val. Meir utdjupande informasjon finn du på kyrkja.no/bjorgvin eller kyrkjevalet.no. Informasjon om kva kandidatane og listene står for og meiner om ulike saker, presenterer dei sjølve på eigne nettsider.

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019

I Bjørgvin bispedøme er det tre lister ved bispedørmerådsvalet:
Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open Folkekyrkje.
Listene er presentert alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er
presentert i prioritert rekkefølgje.

Bønnelista

Bønnelista vil føre vidare dei bibelske verdiane som Den norske kyrkja vart tufta på som følgje av den Lutherske reformasjonen.

Kyrkja må leia av Guds Ord og Ande, og alle vedtak samsvare med Bibelen. Vi ønskjer optimalt sjølvstyre lokalt, der råd og medlemmer får bibelforankra trusopplæring og kurs i kyrkjelydsutvikling, i å leve som Jesu etterfølgjarar og spreie evangeliet.

Kyrkja skal oppmuntre alle i kyrkje-lyden til å tene Herren etter den einskilde sine gåver og føresetnader. Vi ønskjer ei fornya kyrkje av lemer som har Jesus som Herre, og som sokjer Gud og Hans vilje gjennom bøn og tilbeding.

Sjå kandidatane på
www.bonnelista.no



Stein Oltedal
f. 1952, pensjonert prest, Naustdal.



Solaug Anita Apelthun Sæle
f. 1951, økonomisjef, Fjell.



John Eivind Warvik
f. 1994, pioner/tømrar, Ortnes.



Anne Kristine Torvik Christiansen
f. 1954, vernepleiar, Fjell.



Øyvind Skartveit
f. 1992, student, Tysnes.



6

Magdalena Steinhovden
f. 1947, pensjonert sjukepleiar, Naustdal.



7

Stig Bruun
f. 1968, økonom, Rådal.



8

Jan Frank Leirkar Christiansen
f. 1952, pensjonert vernepleiar, Fjell.



9

Anna Helena Bruun
f. 1974, rekneskapsførar, Rådal.



10

Andreas Skjelde
f. 1993, student, Slettebakken.

Kyrkjevalet 8.-9. sep. 2019

Nominasjonskomiteens liste

Det er ein nominasjonskomité som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med eit medlem frå kvart prosti.

Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemene i nominasjonskomiteen. Det er vidare lagt vekt på at ein skal representere i breidde i kva kandidatane meiner i aktuelle kyrklege spørsmål.

Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil vi arbeide til det beste for den lokale kyrkja.

Den enkelte kandidat presenterer seg sjølv på nominasjonslisten.no



Vemund Atle Øiestad

f. 1948, pensionist, Nordsida, Nordfjord.



Turid Fjose

f. 1969, overlege, Voss.



Per Hilleren

f. 1959, bonde, Stedje.



Mali Smemo Hjemdal

f. 1973, rådgjevar, Etne.



Gerhard August Hansen
f. 1951, pensjonist,
Os.



Daniel Kydland
f. 1997, student,
Knarvik.



**Madli Kvamme
Hannisdal**
f. 1950, pensjonist,
Osterøy.



Leif Steinar Alfsvåg
f. 1959, fagseksjons-
leiar, Stord.



**Harald Berge
Breistein**
f. 1956, dagleg leiar,
Åsane.



Arve Kjell Uthaug
f. 1967,
administrasjonssjef,
Frekhaug.



Kristian Slettebø
f. 1989, revisor,
Bergen.



**Liv Oddlaug
Skaaheim**
f. 1948, pensjonist,
Førde.



Ingrid Grimstad
f. 2000, student,
Stord.

Open folke-kyrkje

Vi som står på lista til Open folkekirkje vil at Den norske kyrkja skal utviklast vidare som ei open og demokratisk kyrkje som frimodig forkynner det glade evangeliet om Jesus.

Vidare vil vi arbeide for ei kyrkje som er open for alle, som fremjar menneskeverdet og som motarbeider diskriminering.

Sjå elles www.apenfolkekirke.org for fullstendig valgprogram.



Åse Kongsvik
f. 1962, rettleiar,
Leikanger.



Erik Torp Nilssen
f. 1947, pensjonist,
Førde.



**Torill Jørgensen
Frøise**
f. 1972, gruppe-
sekretær, Askøy.



**Håkon Glatved-
Prahл**
f. 1956, journalist,
Alversund.



**Marit Melvær
Berge**
f. 1952, pensjonist,
Florø.



**Christian Emil
Haugen**
f. 1990, student,
Bergen.



**Therese Nesse
Mokkelbost**
f. 1973, administrasjons-
konsulent, Bergen.



**Oddny Irene
Miljeteig**
f. 1954, komitéleiar,
Bergen.

**Ann Elisabeth
Tveit**
f. 1972, lærar,
Bergen.

Godt å vite om valet

Kven kan stemme?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/ fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatar til soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømeråd er det i Bjørgvin bispedøme tre lister å velje mellom.

Kva gjer kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrklege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømet. Medlemene i bispedømeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørge for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Sjå kven som stiller til val i kyrkjelyden og bispedømet på www.kyrkjevalet.no

Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet er to val: val til sokneråd og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i einerom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

I avlukket

- 1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane
- 3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

Hos valfunksjonæren

- 4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.
NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5 Legg stemmesetlane i valurna.

Ønskjer du meir informasjon?
Sjå kyrkjevalet.no

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019

Soknerådsvalet i Os Sokn: Kandidat nr. 7-10

Vi har spurt kandidatene:

1. Kva synest du Os kyrkjelyd bør fokusere på? / 2. Korleis vil du bidra? / 3. Kva betyr det å være folkekirkje? / 4. Korleis kan vi gjere Jesus meir kjent?
5. Kva kan kyrkja gjere for ungdommen? / 6. Har Os kyrkjelyd et medansvar for å løse jordens klimautfordringer?

7. Per Gunnar Oseng



Jobber som ruskonsulent i Os kommune. Gift med Ingvild og far til Jonathan og Anna. Bor på Lekven.

1. Jeg synes Os kyrkje bør ha fokus på hvordan vi kan leve som Jesu etterfølgere i vårt lokalsamfunn.

2. Jeg ønsker å være med å legge til rette for at kirka fortsatt kan nå ut i lokalsamfunnet med sitt glade budskap. Gjennom strategi og ledelse. Men også gjennom praktisk innsats.

3. Folkekirkens største styrke er at den når ut til mange, i alle livets faser. Uavhengig av våre prestasjoner og sosiale status får vi muligheten til å møte Gud og la oss forandre av hans nåde og tilgivelse.

4. Jesus blir gjort kjent om vi forteller andre om han. Jeg tror også våre handlinger kan peke på han. Særlig om vi tar vare på hverandre og viser nestekjærighet.

5. Kirka kan tilpasse seg i form for å nå bedre ut til ungdom. Jeg tror også at kirka sammen med kommunen og andre frivillige kan bidra med aktiviteter og forebyggende innsats rettet mot ungdommer som på en eller annen måte har fått en trøblete start.

6. Absolutt! Bibelen lærer oss at vi har et forvalteransvar. Det er ikke bare politisk - det ligger i oppdraget vårt.

8. Christine Westgaard Lund Halland



Er gift med Alf Helge Halland, og vi har to gutter på 10 og 15 år. Eg tok lærarskulen på Notodden, jobba i Oslo i 7 år og budde i København i 3 år før vi flytta tilbake til Os for å bygge hus på Haugland. Eg kom inn i det store kristne ungdomsmiljøet då eg valde Join Us då eg konfirmerte meg.

1. Å være ei levande kyrkje for alle innbyggjarane i Os kommune generelt, men spesielt fokusera på å skape et blomstrande ungdomsarbeid.

2. Med engasjement, meininger og erfaring basert på eigne opplevingar

3. For meg betyr det å famna bredt - og kunne vera noko for alle, i tillegg til den innerste, trofaste (og viktige) menigheten som alltid er der.

4. Gjennom engasjert forkynning på arrangement som fangar fleire enn dei «vanlege» - gjera Jesus og kyrkja relevant for folk i dag.

5. Os kyrkje må setta seg klare mål for kva dei ynskjer å vera og arbeidda målbevisst for å nå desse måla. Nøkkelen kan ligge i å byggja bru mellom konfirmantarbeidet og ungdomsarbeidet. God forkynning, kvalitet i det vi tilbyr - og fokus på å få fram unge leiarar.

6. JA!

9. Kjell Aadland



1. Barne og ungdomsarbeid.
2. Motivere og tilrettelegge.
3. Se hele menneske. Møte mennesker i glede og sorg.

4. Være tydelig og forklarende i handling, ord og toner.

5. Lytte, lage planer sammen med ungdomen ut fra deres ønsker og forutsetninger.

6. Det er et ansvar som hviler tungt på alles skuldre.

10. Becky Ogwu Hesjedal



Har ikkje svart.

Soknerådsvalet i Os Sokn: Kandidat nr. 11-14

Vi har spurt kandidatene:

1. Kva synest du Os kyrkjelyd bør fokusere på? / 2. Korleis vil du bidra? / 3. Kva betyr det å være folkekyrkje? / 4. Korleis kan vi gjere Jesus meir kjent?
5. Kva kan kyrkja gjere for ungdommen? / 6. Har Os kyrkjelyd et medansvar for å løse jordens klimautfordringer?

11. Thorstein Skårnes



Født torsdag 3.februar 1983. Jobber til daglig som kontorsjef i frukt og grønt grossisten TL Måkestad i Blomsterdalen, og er bosatt på Skjelåsen på Drange. Ugift og uten barn. Med interesse

for frivillig arbeid, lokalpolitikk, friluftsliv og matlagning.

1. Os kyrkjelyd er en viktig del i kommunen til å skape rammer for et åpent og inkluderende fellesskap for alle. Dette er et kontinuerlig arbeid som bør fortsette.

2. Ved å være en kandidat som liker å lytte til folk håper jeg å kunne bringe nye tanker og ideer inn i et viktig forum.

3. Folkekirken skal, etter min mening, modernisere seg etter samfunnet, samtidig som man bevarer og bærer videre de viktige og gode tradisjonene.

4. Ved å gjøre Jesus relevant opp mot dagens utfordringer og situasjoner vil vi også kunne gjøre ham mer kjent for allmennheten, selv om jeg tror at de ikke er Jesus i seg selv vi trenger å fokusere på å gjøre kjent. Det er hans handlinger og ord som er viktigst å få ut til folket.

5. Kyrkjelyden i Os gjør allerede mye for ungdommen gjennom speideren og andre aktiviteter. Dette med å være en trygg og god møteplass med sikre rammer bør selvfølgelig være et utgangspunkt videre. Det viktigste er likevel å lytte til hva ungdommene selv ønsker at kyrkjelyden skal være for dem.

12. Malin Nøss Vangsnæs

Har ikkje svart.

13. Tryggve Lillestøl



1. Åpent og inkluderande gudsteneste felleskap. At gudstenestene blir opna opp slik at andre kan få mulighet til å delta t.d. å halde preika. Ta godt imot og inkludere nye "Osingar".

2. Eg kan bidra med å vise interesse for alle og passe på at alle kan føle seg velkommen. Ta imot ungdomen og gi dei ansvar. Eg kan og vere frivillig medarbeider i det som rører seg i kyrkjelyden.

3. Ei folkekyrkje er ei kyrkje for alle- vi er opne, omsorgsfulle, aksepterande ikkje fordømmande. Alle skal få kjenne at dei er omslutta av kjærleik.

4. Vi bør vise meir igjen i media ikkje berre i kyrkjebladet. Vi bør våge å snakke om det som er det viktigaste for oss - nemleg Jesus og det han har gjort for oss. Dette bør vere like naturleg som alt anna vi snakkar om.

5. Ungdomen må få meir plass. Vi bør ha fokus på å utruste dei : kunnskap,ansvar. Vi som vaksne må gå inn og ta eit medansvar.

6. Så absolutt. Det var ei av dei fyrti oppgåvene vi fikk då Gud hadde skapt menneska- ta vare på jorda. Vi fikk eit forvaltaransvar.



14. Jorunn Hodneland

Jeg er 59 år, bodde på Os til jeg var 23 år, flyttet så til Trondhjem, og bodde der til jeg returnerte til Os i 2009. Nå bor jeg i Os sentrum sammen med mann og 2 hunder. Jobber som operasjonssykepleier på Kysthospitalet i Hagevik. Jeg har vært medlem i Den

Evangeliske Lutherske Frikirke, og nå i Den Norske Kirke. Fortsatt musikkelsker.

1. Os kirke har et variert og aktivt barnearbeid som det er viktig å fortsatt holde fokus på. Det er de yngre som skal være med å bygge kirka i fremtiden.

2. Viktig at Soknerådet gjør de rette disposisjonene når det feks gjelder å bevilge penger til tiltak som er til nytte for barne og ungdomsarbeidet.

3. Ordet Folkekirke forplikter dersom man tar ordet bokstavelig. En kirke for folket! Vi er mange forskjellige individer som ønsker å finne vår plass i kirka. Den må da være mangfoldig, kunne gi noe til de ulike behov vi har som mennesker. Vi som tror, de som søker en tro, de som ønsker å tro men ikke får det til, til alle de som bruker kirka ved livets forskjellige markeringer/tradisjoner som det er viktig å holde fast på.

4. Hvordan gjør man noen kjent? Jo ved å snakke om vedkommende, være tydlig på at Jesus er veien sannheten og livet. Sang og musikk er en viktig formidlingskilde i så måte. Kirkerommet bør bli brukt oftere til lovsang, gospelkonsert osv.

5. Dette er et vanskelig spørsmål synes jeg. Mange menigheter sliter med å samle ungdommen. Som nevnt i spørsmål 1 så har menigheten i Os vært flinke med barnearbeid, trosopplæringsreformen. Det vanskelige er å få alle disse med videre etter konfirmasjonen. Ungdommen trenger noe som fenger, noen som tar de på alvor, og som ser de. De må selv få være med å bestemme, og da må de bli spurta om hva de vil ha!

6. Alle har et medansvar for å løse jordas klimakrise. Kirken må bidra der det er mulig, man må tenke »grønt« når det gjelder helt enkle ting som feks engangsutstyr til kirkekaffe osv. Der det i samfunnsdebatten er snakk om at vi må endre oss, må også kirken bidra med sitt.



NYTT

Det syng så vakre tonar gjennom kvelden (833)

Forfattar og lyrikar Olav Mosdøl voks opp i Bykle i Setesdal og bur no i Telemark. Forfattarskapen er knytta til natur og landskap som han kjenner frå barndomen. Bjarne Stølen har skrive melodien.

*Det syng så vakre tonar gjennom kvelden
når himlens Herre samlar ljoset inn.*

*Dei siste ljudar dør i avdagsskjelven og
skaparhender lange skuggar bind.*

*I kveldens røyst det ligg ei stille minning om
Herrens fred til alle han har kjær.*

*Dei milde strålar er et kjærlig helsing til
vener som han no vil stige nær.*

*Ver still mi sjel lat songen min få binde ein
gullan tråd av bøn i himlen inn.*

*Ver audmjuk sjel så du kan veggen finne og
eige arv der æveljose skin.*

Andrew Paul Holman
KANTOR



Sag og høvleri

DRANGE BRUK AS

Høvel- og skurdlast
Panel - lisser - golv
Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

GRAVMINNEN

Løvaas
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no

Sokneprestens hjørne: Kva er då eit menneske?



Ingen av alle dei milliardar menneske som lever og har levd på jorda er like, ikkje ein einaste. Kvar einskild er unik. Skapt i Guds bilete. Gjeven eit unikt verd. Du krona han med herlegdom og ære!

Igjen og igjen er vi nøyd til å minna kvarandre om akkurat dette: Menneskeverdet som er rota i gudsbiletet vi alle ber på. For historia gjentek seg. Menneske med makt set grenser mellom «oss» og «dei». Og «dei» er potensielle fiendar, snyltarar, mindreverdige. «Dei» har ikkje rett på det same som «oss». Den unike eine forsvinn i ei gruppe, og vert utsett for diskriminering og hat. Det er mange rauda lampar som lyser når:

- Kommentarfelt i sosiale medier er fulle av hat-ytringar mot dei som meiner annleis enn «oss»
- Det ufødde barnet framleis er utan rettsvern dei første månadene.
- Ein familie med to mødre, fekk heimen sin rasert, sannsynlegvis av di det var ein heim med to mødre.
- Jødar i Europa – og i Noreg – ikkje lenger vågar gå med jødiske kjennteikn som davidsstjerne eller kipa.
- Norske styresmaktar åtvarar mot å redda menneske som er i ferd med å drukna.

- Høgre-ekstreme demonstrerer mot at Noreg skal signere FN sin plattform for migrasjonspolitikk, dei demonstrerer mot «homolobbyistar» og «globalistar»

Det er på tide å henta fram orda til den tyske presten Martin Niemöller (1892-1984):

*Først tok de kommunistene
men jeg brydde meg ikke
for jeg var ikke kommunist.*

*Deretter tok de fagforeningsfolkene
men jeg brydde meg ikke
for jeg var ikke fagforeningsmann.*

*Så tok de jødene
men jeg brydde meg ikke
for jeg var ikke jøde.*

*Til slutt tok de meg. Men da var det
ingen igjen til å bry seg.*

Eller som Arnulf Øverland sa «Du må ikke tåle så inderlig vel, den urett som ikke rammer deg selv»
«Før eg forma deg i mors liv, kjende eg deg» sa Herren til Jeremia. (Jer 1,5)
Unik, forma av Gud i mors liv, det er mennesket! Det må være rettleiande for kordan vi behandler kvarandre, vi menneske.

Margrethe Holmboe Askeland
SOKNEPREST

NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPLESS & MISJON

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.



Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis
Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPLESS MISJON



Følg oss på Facebook
"NMS Gjenbruk Os"



To dropar i havet

Kvifor i alle dagar sto det ein diger kartong med solbriller midt i gangen på kontoret? Kven hadde sett han der, og kven i all verda hadde bruk for så mange solbriller? 400 par - minst.

Tekst: Margrethe Holmboe Askeland

Så kom det babyklede, fotballsko til vaksne, teiknesaker. Og Gro Helen spurde om det var nokon som kunne avstå ein koffert? Ho trong meir enn berre sine eigne.

Det begynte å demra for oss: Gro var på veg til Hellas, og skulle ha med seg litt ekstrabagasje for å møta dei heilt grunnleggjande behova til menneska i flyktningeleiren Moria på ferieøya Lesvos.

Blant mange, mange som dreg til Hellas, ikkje for å feriera, men for å gjere ein innsats for medmenneske, finn vi to osingar: pensjonert rektor Ole Lars Strønen og kyrkjelydspedagog Gro Helen Blindheim Skjælaen. Begge reiste ned gjennom organisasjonen Dråpen i havet (Dih). Eg vart nyfiken på kva som gjer at dei bruker fritid på frivillig arbeid blant menneske dei ikkje kjenner. Difor ba eg om å få ein samtale med dei.

Begge to fortel at det var møte med menneska som var det viktige. Dei er som oss, berre med ein heilt annan og temmelig uhaldbar livssituasjon. Det å kunne gjere ein liten skilnad i ein håplaus kvardag for nokre av desse, var drivkrafta.

Ole: Etter at eg sluttet i jobben min som rektor, er dette noko eg har høve til å gå inn i, difor gjer eg det. Vi møter ekte menneske som har sine historier og verdiar med seg.

Gro: Vi er ulike på mange måtar, men i grunn er vi like. Dei ungdomane eg møtte der nede er som ungdom her heime. Dei er opptekne av moter, musikk, fotballspelarar. Dei har også sine framtidstraumar.

Den største skilnaden frå det vi har her heime, er livsvilkåra og framtidsutsiktene deira. Så lenge dei er i Morialeiren har dei ikkje framtidsutsikter. Det er først dei få som får reisa til Athen som kan ha eit håp om å koma seg vidare. Ho fortel at mange, særleg frå Afghanistan, vert verande i leiren. Det er ingen som vil ha dei.

Likevel er dei komne til leiren av ein grunn. Dei kunne ikkje vere der dei kom frå. Ole fortel at han møtte to unge gutar frå Afghanistan som snakka godt norsk, med kvar sin norske dialekt. Dei hadde vore

i Noreg og var returnerte til Afghanistan av norske styresmaktar. No var dei ute på sin andre runde. For andre gong hadde dei valt å leggja ferda mot ei uviss framtid. Trass i at dei er vel kjent med omkostningane frå første runde, har dei valt å ta ut ein gong til: Kva fortel dette oss om kva dei tenkjer om at det er trygt i heimlandet?

Eg undrar på om menneske på korttidsopphald frå td Noreg kan gjere nytte for seg i møte med 1000-vis av framande som kjem med krigsskader og traumer, som bur under elendige materielle tilhøve. Menneske som manglar det mest elementære, som må stå i kø i timar kvar dag for å få tak i det dei treng til livsopphald. Mange av dei har stor psykiske problem. Mange nyttar rusmiddel som flukt frå vonløysa. Vald og overgrep kjem gjerne i kjølvatnet av det. Er det mogeleg å gjere ein skilnad?

Dei er samstemte: Det er det! Organisasjonen Dih driv opplæring. Dei skapar ein fristad der menneske kan kome seg ut av leiren for nokre timar. *Ole:* Det er om lag 200-300 som kjem fast til senteret vårt. Det er lettast å kome i kontakt med unge gutter og menn. Den konservative vindan som bles over Midt-Austen gjer det vanskelegare for kvinnene.



Behovet for undervisning er enormt. Born frå 10års alder kjem for å få opplæring. Det er undervisning i engelsk, matte, leik, sang, relasjonsbygging, livsmeistring. Det er mykje traumebasert omsorg. Dei vaksne får og undervisning i gresk og engelsk.

Gro: Det handlar og mykje om å bygga tillit og visa respekt. Mange av dei har jo reist frå alt som definerte dei. Når det samfunnet du var ein del av, relasjonane dine er vekk, og du ikkje lenger er ein del av din eigen kultur, kven er du da? Korleis går det an å ta vare på sin eigen identitet. Korleis går det an å framleis ha tillit til dei du har rundt deg? Det er viktig at mennesket blir sett. Skal det kunne møte andre, må det være trygg på seg sjølv, og for å vere trygg på seg sjølv, må ein bli sett. Dei må og læra å sjå seg sjølv i eit system og i samspill med andre, vente på tur når dei spelar spel td.

Ho fortel at ho kvar ettermiddag var på ein stor leikeplass der mødre og born kom og hadde ein friplass for nokre timer. Det var eigen kafe for kvinner, og kafe for alle.

Det var sjakk-klubb der folk sat mot kvarandre to og to og spelte sjakk medan klassisk musikk strøynde ut av høgtalarane.

Mange av dei som er i leirane er mindreårige. Dei har ingen vaksne til å ta hand om seg. Dei er avhengige av at greske styremakter tek seg av dei og gjev dei det aller mest nødvendige. Eit nytt tilbod er at Dih organiserer aktivitetar inne i leiren to kveldar i veka for gutter 14-17 år. Slik får dei vere saman med vaksne som kan sette rammer og vere rollemodellar for dei.

Nokre kritiske røyster vil kan hende sproja: Kvifor dreg de til Hellas for å hjelpe menneske, når det er så mange her heime som treng hjelp? Her er sannelig nok å ta tak i td for menneske som oppheld seg i Noreg utan naudsynte papir.

Ole svarar kontant at skilnaden er at her er det eit intakt samfunn som har høve til å stilla opp dersom det er politisk vilje til

det. Der er det ingenting. Nokon må vere med å ta ansvaret for dei mest sårbare menneska vi har.

Dessutan er det så nært. Elende finst i verda til alle tider og på alle stader. Men no er det her hos oss i Europa det skjer, på våre feriestrender.

Gro skyter inn. Og her hos oss, her i Europa er vi komne dit at vi til og med graderer menneske i livsføre. Ein skal ikkje hjelpa dersom det er ein bålast med flyktningar som held på å gå ned, og dei menneska som er om bord er i ferd med å drukna. Europeiske styremakter betaler tyrkiske og libyske styremakter for at dei skal halda flyktningane vekke frå Europa: «Så får dei heller drukna då, om ikkje rette styremakt når fram i tide».

Her sit de, to pedagogar. Er de ikkje betenkte over kva det gjer med desse menneska som sit der utan von for framtida at menneske som kjem frå det livet dei berre kan drøyme om, kjem og er der ei lita stund, før dei dreg heim att til sine gode liv? Det vert knytte band, bygd relasjonar og så forsvinn de igjen.

Gro: Nei vi forsvinn ikkje berre. Det er heile poenget. Vi må hugse på at her er born som har mista familie. Dei vart berre borte. Vi knyttar relasjonar, vi helser nå vi kjem og seier adjø når vi dreg. Det er ein viktig del i traumebahndlinga at ein tek avskjed. Vi blir ikkje borte, vi er berre på ein annan stad. Mange frivillige kjem jo igjen. Dei er der fleire gonger.

Er det ikkje lett for at det vert ein ubalanse mellom dykk som hjelparar og dei som treng hjelp? Kan det verte gode relasjonar då?

Gro: Det er ikkje slik. Det er lagt vekt på at det vi gjer skal vere ekte menneskemøte. Difor skal vi gå inn i arbeidet som dei vi er, brukar våre ressursar. Samstundes skal vi ikkje fortrengja dei frivillige blant flyktningane. Dei bur i leiren og bidreg i det frivillige arbeidet. Dei er med å skape innhald i tilbodet. Vi står side ved side med dei.

Kva har arbeidet som frivillige gjort med dykk?

Gro: Først og fremst har det prega synet på mennesket. Dei ytre skilnadene er ofte større enn dei indre. Vi er i bunn og grunn ganske like. Dette vert og grunnleggjande for vår måte å ta imot menneska som kjem hit. Vi må sjå dei. Sjå kven dei er og kva dei kjem med. La de slippe til når dei byr på seg sjølv og sin kultur. La oss berike.

Ole: Eg set større pris på det eg har heime, som eg gjerne tok som sjølvsagt. Samstundes ser eg kor galt det er at vi har så lett for å generalisera, snakke om «oss» og «dei». Det er ein tendens i vår tid at vi har lett for å sjå på «dei» som eit potensielt trugsmål. Kva er det vi er redd for skal skje oss? Burde vi ikkje sjå på nye menneske som interessante personar som ein kan lære noko av? Vi skal vere takksame for alt det vi har av goder i vårt samfunn. Men er må vi reservera det for oss sjølve? Vert vi fattigare om vi dele?

Dråpen i havet (Dih)

Arbeider for å betre levekåra til flyktningar som kjem til Hellas. Tar utgangspunkt i flyktninga og deira behov. Har siden høsten 2015 koordinert innsatsen til ca 6000 frivillede.

Morialeiren

I utgangspunktet var det eit fengsel for om lag 2000 fangar, med moglegheit for å gje rom for 3000. No er det om lag 5-6000 menneske der. Dette er som ein interneringsleir. Dei som bur der er rett nok frie til å kome og gå som dei ynskjer, men dei kjem seg ikkje derifrå. Dei kjem seg ikkje ut av Hellas, eller for den sakens skuld vekk frå Lesvos.

Kva venter kommunen seg av kyrkja?

Alle listetoppene i Bjørnafjorden kommune har svara på kyrkjeverje Kristine Fjeld si utfordring:
«Kva har kommunen behov for at vi som kyrkje stiller opp med?»

I eit intervju med Kristine Fjeld i vår stilte ho spørsmålet: «Kva har kommunen behov for at vi som kyrkje stiller opp med?»

Dette spørsmålet har vi stilt listetoppane på vallistene til kommunestyret i Bjørnefjorden kommune. Her kan du lese kva dei seier om kva behov dei ser føre seg at vi som kyrkje stiller opp med i åra som kjem.

Harald Lekven, Senterpartiet

I tillegg til å vera eit trussamfunn ynskjer eg at kyrkja skal vera ein aktiv samfunnsaktør med særleg fokus på ansvar for skaparverket, forsoningsarbeid, fattigdomsbekjempelse og vern om menneskeverdet. Kyrkja skal soleis驱iva med diakoni og ha ei viktig rolle i beredskapsarbeidet ved kriser og ulykker. I dagens «skog» av trussamfunn er det viktigare enn nokon gong at den norske kyrkja held fram med å vera den viktige kulturbæraren dei har vore i generasjonar.

Trine Lindborg, AP

Vi i Bjørnafjorden Ap har ein eigen post i valgprogrammet vårt om kyrkja. Ap ønskjer at kyrkja skal vera ei kyrkje for alle! Kyrkja må fortsetja sitt gode arbeid som kulturformidlar, tradisjonsberar og brubyggjar mellom trussanfunn. Kyrkja i Bjørnafjorden skal utføra vigsel av likekjonna slik Kirkemøtet har vedteke. Samfunnet er avhengig av frivillighet og nestekjærighet for å hindra utanforskap og einsemd. Dette gjeld for både unge, vaksne og ikkje minst eldre. Vi håpar kyrkja kan fortsetja sitt gode arbeid for born og unge, og at tiltak som språkkafé og open barnehage kan halda fram i den nye kommunen vår. Ellers ser vi med glede på det flotte dugnadsarbeidet som blir gjort på kyrkjegardane i Fusø, kanskje det kan bli ein tradisjon på Os-sida også?

Nils-Anders Nøttseter, MDG

Fusø og Os er grøne kyrkjelydar, og vi håper engasjementet vert styrka framover. Det har stor effekt når kyrkja tek eit tydeleg standpunkt i klimasaka. MDG ønsker ei open, tolerant og mangfaldig kyrkje der

alle menneske har same verdi og same rettar. Godt samarbeid med frivillige organisasjonar er ein føresetnad for at kyrkja vert opplevd som inkluderande. Kyrkja gjer eit viktig arbeid mellom anna med språkkafé og kunstaktivitetar for born som vi håper de held fram med.

Kristina Alexa Bøyum Budal, Raudt

Raudt meiner at det offentlege Noreg skal vere tros- og livssynsnøytralt, men dette betyr ikkje at institusjonar som kyrkja ikkje har noko formål. Kyrkja er eit viktig samlepunkt for mange og fungerar som eit fellesskap for folk frå alle bakgrunnar i Bjørnafjorden, både dei som er født i Noreg og dei som kjem til dette landet og treng eit fellesskap. Raudt ønskjer at kyrkja skal fortsette sitt gode arbeid som samlepunkt for alle som treng det.

Jakob Enerhaug, KrF

Kyrkja og den kristne trua er viktig for kommune og for samfunnsutvikling. Bjørnafjorden KrF ønskjer at dei kristne verdiane skal prege kommunen vår. KrF ønskjer difor ei sjølvstendig og frimodig kyrkje som formidlar kristen tru og kristne verdiar til menneska i dag. KrF ønskjer ei kyrkje som kan ta vare på folk i alle livssituasjonar menneske møter i livet. Det tilbodet som kyrkja kan tilby, særleg retta mot barn, ungdom og småbarnsfamiliar, er særstundt for kommunen vår. Det same gjeld tilbod retta mot innvandrarar og flyktningar.

Terje Søviknes, FrP

FrP er et liberalistisk folkeparti. Det bygger på Norges grunnlov, norsk og vestlig tradisjon og kulturarv, med basis i det kristne livssynet og humanistiske verdier.» Dette er sitat frå FrPs prinsipprogram. For FrP har kristendommen og kyrkja ein sentral plass i samfunnet, både som trussamfunn og som kultur- og tradisjonsberar. Kyrkja er ein viktig arena for fellesskap, tru og friviljug arbeid, og tenar som ein viktig møteplass for innbyggjarane. FrP ynskjer ei open folkekirkje i Bjørnafjorden, - ei kyrkje som er til stades for innbyggjarane i alle livsfasalar.

Asle Olsen, SV



Bjørnafjorden kommune har behov for eit velfungerande samarbeid med kyrkja, for kyrkja spelar ei viktig rolle i livet til mange bjørnafjordingar. Trua er viktig for mange, både som noko i bakgrunnen gjennom livet og som ei trygg hamn i vanskelege periodar. Uavhengig av tru ser mange også på kyrkja som ein viktig institusjon ved spesielle høve i livet som for eksempel dåp, konfirmasjon eller bryllaup. Sjølv kyrkjebygget er også eit viktig, symboltungt bygg. Bjørnafjordingar treng dette tradisjonsrike samlingspunktet både ved festlege høve og som arena for begraving, konsert eller dei viktige gudstenestene til påske og jul.

Marie Bruarøy, Høgre



Kyrkja sitt arbeid for born og unge er særstundt for kommunen. Det frivillige arbeidet

som vert lagt ned her og spennet i aktivitetar kyrkja tilbyr dei unge, er flotte supplement til anna aktivitet. Elles er det diakonale arbeidet og spesielt det som vert retta mot flyktningar og andre som skal integrerast i samfunnet vår, viktig for kommunen. Høgre ynskjer å vidareutvikla samarbeidet med kyrkja, til det beste for innbyggjarane våre.

Gustav Folkestad, Venstre



Kommunen har behov for:

- at Den norske kirke forblir en folkekirkje der alle kan føle seg velkommen, både faste kirkegjengere og dem som helst går dit i spesielle anledninger,
- at kirkjen holder øye med hva som trengs av vedlikehold og investeringer på kirkebygg og gravplasser, og at den bruker offentlig tildelte midler på best mulig måte,
- at kirkjen er med i arbeidet for en grønnere fremtid.

Margrethe Holmboe Askeland
 og Harald Geir Sæther

Støtt våre annonsører



Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

OS HAGESERVICE 
alt innen hage

**Vi lager hageplan,
murer, legger stein,
lager plen og planter
busker og trær.**

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no



DRENERING • MURING • SPRENGING



BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID



OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os
Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | www.verden.no




**FUSA GRAVMONUMENT
ØYVIND HELLAND**

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse

- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

Tlf.: 56 58 14 06
Fax: 56 58 39 99
Mob: 48 25 56 50

KVALITET!
Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS
Tlf. 56 30 44 90



GRAVMINNEN
Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing



STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
Tlf. 55 98 70 00



**Døgntelefon
56 57 49 50**

Jorunn Moberg
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.
www.osgravferdsbyraa.no



DØYPTE

17. mars

Luca Nathaniel Andersen
Henrikke Wasmuth Henjesand
Ellinor Eknes Storli

31. mars

Ulrik Emiil Tro Aasen-Valencia
Emily Lekven-Smestad
Mia Lekven-Søvik
David Henrik Mortvedt Sørås

7. april

Mathilde Dregelid Døsen
Lukas Moberg Jensen
Oda Kristiansen Matre
Suna Aleksandra Øztas-Aase
Elizabet Dziegielewska Tveiten

14. april

Jacob Sande Andersen
Malene Elgsås
Otelie Flatebø Jensen
Olivia Annie Skotheim

21. april

Nicolay Bjørndal
Astrid Emilie Bjørndal
Ellinor Smedsvik Fiksen
Oliver Lyssand Olsen
Ina Cecilie Haugland Sydnes

28. april

Sofie Granli Hallseth
Hannah Strand

19. mai

Marissa Lekven Amundsen
Frida Spilde Austgulen
Viktor Eilertsen Bjelland
Mats Kanebog Johannessen
Jenny Veronica Ramsdal Johansen
Marton Aikio Ryland
Aurora Herfindal Skaathun
Lilliana Martins Skeie

26. mai

Oscar Herland
Jesper Heggland Hjelle
Maja Moberg
Lars Askvik Tveiten

2. juni

Thelma Engelsen Dean
Tobias Bøe Haldorsen
Louise Moberg
Emrick Skorpen Palmér
Leon Nesbø Tveit

9. juni

Anna Hefté Bjoland
Cornelius Aleksander Blokhus
Gulbrandsen
Jonas Ingolf Hæve-Kristiansen
Synne Skaar Sælen
Herman Scheie

10. juni

Mina Johanne Dal
Sienna Stuart Gudvangen
Leonora Olise Lindvik
Magnus Lundervold Pedersen

23. juni

Johanna Berge
Hanna Eri Bergeland
Paul Gunnar Broen-Bekken
Anton Einen-Aass
William Garvik Eriksen
Hanna Grapé

7. juli

Tuva Maria Hovland & Joel Graham.
Jakob Mo Teigen
Marie Lepsøy Lindborg

4. august

Livine Kroka

VIGSEL

11. mai på Solstrand hotell

Eva Drageset &
Nikolai Solli Bråten.

1. juni, Bjørnefjorden gjest-setun

Idun Helene Høydalsvik &
Dag-Henry Nilsen.

1. juni i Os kyrkje

Marte Meyer Solvang & Pål Røstbø.
Linda Marie Lohne &
Tommy Nordhus Jacobsen.

8. juni i Os kyrkje

Margit Hildershavn Solsvik &
Andre Greger Madsen.
Alvhild Haugland &
Jan Hermod Haukeland.

15. juni i Os kyrkje

Tirill Petersen & Øyvind Solheim.

22. juni på Lysøen

Amalie Jota & Mads Johan Laastad.

22. juni i Os kyrkje

Lena Matre & Hans Martin Nilsen.
Nina Leivestad &
Raymond Gustav Engelsen.

13. juli i Os kyrkje

Cecilie Langeland Olsen &
Vidar Haugland Hjertaas.

22. juli i Os kyrkje

Tuva Maria Hovland & Joel Graham.

3. august i Os kyrkje

Elin Kjønnes Folkestad &
Tor Anders Eri.

DØDE

Erling Storum

f. 18.02.1937 - d. 09.03.2019

Anders Dalland Senneset

f. 12.08.1994 - d. 12.03.2019

Borgny Skorpen

f. 30.01.1921 - d. 19.03.2019

Berit Johanne Gjelsvik

f. 09.10.1942 - d. 27.03.2019

Kåre Vågsbø Johnsen

f. 09.07.1932 - d. 30.03.2019

Hans Hatvik

f. 01.02.1934 - d. 02.04.2019

Mette Sperrevik

f. 10.07.1950 - d. 15.04.2019

Wenche Irene Helland

f. 22.02.1940 - d. 18.04.2019

Petra Oppedal

f. 17.07.1917 - d. 20.04.2019

Tor Bostrøm Wilhelmsen

f. 05.10.1933 - d. 21.04.2019

Gunnar Kolle

f. 16.02.1932 - d. 25.04.2019

Rune Pedersen

f. 06.09.1977 - d. 25.04.2019

Kay Arne Engevik

f. 03.09.1970 - d. 27.04.2019

Joachim Kvinge

f. 17.06.1928 - d. 30.04.2019

Oddvin Tefre

f. 25.10.1928 - d. 03.05.2019

Astrid Bratheim

f. 23.09.1944 - d. 04.05.2019

Ruth Thomas

f. 11.03.1928 - d. 08.05.2019

Irma Elena Canelo Perez

f. 25.08.1936 - d. 09.05.2019

Gunnar Theodor Moritz Høfland

f. 12.08.1935 - d. 19.05.2019

Olga Moberg

f. 04.01.1921 - d. 01.06.2019

Gunnar Nagell Dahl

f. 09.06.1952 - d. 03.06.2019

Gerd Halhjem

f. 05.03.1938 - d. 04.06.2019

Åse Olsvold

f. 14.10.1945 - d. 06.06.2019

Ove Mehammer

f. 11.11.1967 - d. 20.06.2019

Else Lunde Djupvik

f. 08.04.1926 - d. 25.06.2019

Bjørg Aud Søfteland

f. 16.04.1931 - d. 30.06.2019

Edith Margrethe Hansen

f. 21.04.1931 - d. 04.07.2019

Ruth Hjelle

f. 27.10.1921 - d. 11.07.2019

Arne Martin Østensen

f. 11.02.1927 - d. 12.07.2019

Asbjørn Vangsnæs

f. 02.10.1945 - d. 16.07.2019

Kjersti Brimsøe

f. 22.09.1976 - d. 20.07.2019

Bjørg Kristine Samdal

f. 19.02.1928 - d. 21.07.2019

Ståle Wenner Pihl

f. 16.04.1948 - d. 22.07.2019

Lillian Solem

f. 20.09.1936 - d. 23.07.2019

Anna Mjelde

f. 03.08.1922 - d. 27.07.2019

Nils Oddvar Sandtorv

f. 06.09.1941 - d. 27.07.2019



Planlagte gudstenester

Sjå også www.kyrkja.no/os for oppdaterte opplysninger.

Os kyrkje

- 01.09.19** kl. 11.00: Dåp.
Presentasjon av konfirmantar
- 01.09.19** kl. 19.00: Nattverd.
Medarbeidergudsteneste.
- 08.09.19** kl. 10.00: Dåp.
- 08.09.19** kl. 11.15: Nattverd.
- 15.09.19** kl. 11.00: Band. Dåp.
Presentasjon av konfirmantar.
- 22.09.19** kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
- 29.09.19** kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok. Søndagsskulens dag.
- 06.10.19** kl. 10.00: Dåp.
- 06.10.19** kl. 11.15: Nattverd.
- 13.10.19** kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
- 20.10.19** kl. 11.00: Nattverd.
Kongshaugdag.
- 27.10.19** kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
- 03.11.19** kl. 11.00: Nattverd.
Presentasjon av nytt sokneråd.
- 03.11.19** kl. 19.00: Minnegudsteneste.

Nore Neset kyrkje

- 08.09.19** kl. 11.00: Dåp.
Presentasjon av konfirmantar
- 22.09.19** kl. 11.00: Dåp. 4-årsbok.
Hausstakkefest.
- 29.09.19** kl. 11.00: Dåp. Presentasjon av konfirmantar
- 13.10.19** kl. 17.00: Dåp. Nattverd.
Samarbeid med søndagssamlingane.
- 20.10.19** kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
Konfirmantar deltek.
- 03.11.19** kl. 11.00: Minnegudsteneste.

Softeland Bedehus

- 15.09.19** kl. 11.00: Presentasjon av konfirmantar

Takkoffer

Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 10. mars 2019

- 17.03.2019:** Tunet, kr 6864,-
- 24.03.2019:** Bibelskulen på Bildøy, kr 5859,-
- 31.03.2019:** Misjonsprosjektet, kr 5453,-
- 07.04.2019:** Kirkens Nødhjelp, kr 5372,-
- 14.04.2019:** Tunet, kr 5553,-
- 21.04.2019:** Diakoniarbeidet i kyrkjelyden, kr 10 786,-
- 28.04.2019:** Bibelskulen i Grimstad, kr 5532,-
- 04.05.2019:** Konfirmantarb. i kyrkjelyden, kr 10 400,-
- 05.05.2019:** Konfirmantarb. i kyrkjelyden, kr 1370,-
- 05.05.2019:** Konfirmantarb. i kyrkjelyden, kr 10 987,-
- 11.05.2019:** Konfirmantarb. i kyrkjelyden, kr 16 752,-
- 12.05.2019:** Konfirmantarb. i kyrkjelyden, kr 7509,-
- 17.05.2019:** Sjømannskirken, kr 6953,-
- 19.05.2019:** Tunet, kr 3071,-
- 26.05.2019:** Ung kirkesang, kr 5234,-
- 30.05.2019:** Det Norske Misjonsselskap, kr 2153,-
- 02.06.2019:** Os KFUK/M-Speidarane, kr 6901,-
- 09.06.2019:** De 4 diakoniinstitusjoner, kr 6405,-
- 16.06.2019:** Tunet, kr 8574,-
- 23.06.2019:** Misjonsprosjeketet, kr 6982,-
- 30.06.2019:** Garden of Eden, kr 3439,-
- 07.07.2019:** Tunet, kr 3634,-
- 14.07.2019:** Det Teologiske Menighetsfakultet, kr 1765,-
- 21.07.2019:** Diakoniarbeidet i kyrkjelyden, kr 4047,-
- 28.07.2019:** Navigatørene, kr 2115,-
- 04.08.2019:** Misjonsprosjektet, kr 5067,-

OS Kyrkjelyd

TILSETTE:

SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05
Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

VIKARPREST

Svante Havåg. sh226@kirken.no
tlf. 56 57 24 07, mob: 922 47 639

KYRKJEVERJE:

Kristine Fjeld, kf@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 03, mob: 414 26 859

KONSULENTAR:

Elin Oldervoll Moberg,
tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no
Monica Refsdahl
tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no,
tlf 56 57 24 17 / mob. 476 56 541

KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 14, mob: 452 75 553

DIAKON:

Ingrid Vik, iv@os.kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 11
Anton Proskurnin, ap@os.kyrkja.no
mob.: 482 32 977

FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

KYRKJELYDSPEDAGOG

BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven, hvl@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 09

DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG

GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Reidar Berge (mob 416 52 042),
Marianne Tveit, Øyvind Dreyer, Agnar
Midtsæter og Linn Kjerstin Rondestveit.

Avs:

Os kyrkjelyd
Postboks 209
5202 Os

BARNESIDA



BARNAS SIDE


Finn namn på 11 fotballspelarar!

I rutenettet under har vi gøynd namna på 11 kjende fotballspelarar. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle namna?

R	A	V	I	O	B	U	K	R	I	F
E	M	A	R	L	A	S	R	Å	P	A
M	R	O	N	A	L	D	O	V	I	C
I	E	N	E	P	E	P	O	G	B	A
A	H	S	Y	L	T	E	S	N	Ø	V
L	A	A	M	E	S	S	I	O	R	A
T	Z	L	A	T	A	N	T	S	U	N
A	R	A	R	N	Y	I	B	Y	C	I
V	D	H	M	A	R	C	E	L	O	X
O	T	I	V	O	Z	A	L	P	E	T

Fargelegg!



Gud skapte dei første menneska og lot dei bo i ein vakker hage.



Teikningar: Francesca De Luca

Finn fem feil!

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvane
er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



– Mamma!
Veslesyster er så
söt, ho hermar etter
fuglane!
– Jaså, kvitrap ho?
– Nei, ho et meite-
mark.

Vitsar

Den vesle jenta
kom inn i ein dyrebutikk og sa:

- Eg vil kjøpe ein kanin.
- Vil du ha denne søte med dei store augo, eller han med den nydelege kvite pelsen? spurde ekspeditøren.
- Det er ikkje så nøyne, svara jenta, eg trur pytonslangen min likar begge deler.